

Universitetet i Stavanger
Det humanistiske fakultetet

ARBEIDSGRUPPA HUM 06/10

Møtoreferat

Onsdag 12. mai 2010
K1 12.00-15.00
Humanistisk fakultet

Til stades:

Tor Hauken, leiar
Gaute Auestad, felles fagleg representant SAF & SLF
Anita Berge, fagleg representant IFU
Rune Giske, fagleg representant IAS
Odd Folke Topland, fakultetsdirektør
John B. Møst, universitetsdirektøren sin representant
Nils Mæhle, ekstern representant
Finn Tveito, fagleg representant IKS
Dag Jostein Nordaker, fagleg representant IMD
Leith Symington, representant frå fagforeningane (Forskerforbundet)
Eilef J. Gard, sekretær

Meldt forfall:

Trine Oftedal, studentrepresentant

Innkalling

Innkallinga vart godkjent.

Orientering om PhD-rekneskap ved Synnøva Drange. Vedlegg 1.

Treng 11 eller 17 disputasar for å gå i balanse, avhengig av reknemåte.

Samtalen:

Odd F: Overdriv sjeldan kostnadene.

Synnøva: trur alt 2 er det realistiske.

Tor: ikkje realistisk med meir enn ti disputasar i året.

Rune: Det høgaste talet er det mest realistiske. Me må rekna med nokre utgifter til dette.

Tor: PhD ligg ikkje inne i basisbevilginga. Må levera heile rekneskapen som viser at fak har eit underskot.

John: Alt 2 er det rettaste.

Rune: Me må vita kvar me skal spara. Då må me ha alle tala.

Tor:

John: Til meir me får synleggjort dei ulike kostnadene til lettare er det å gjera valg.

Nils: HiB flytta budsjettmidla frå avdelingane til sentralt. Det ga store fordeler og effektivisering. Det er ikkje mogeleg her.

Rapporten

Opprettinga av styre ved einingane vil medføra auka utgifter til administrasjon. Arbeidsgruppa må også ta med dette.

Rune: Ekspansjonen administrativt er ok, men den økonomiske sida er problematisk.

Tek ein bort stillingsressurser må ein også ta bort oppgåver. Er problemet feil organisering eller mangel på leiing?

Nils: Stadig kamp for å sentralisera admin oppgåver. Kan verta billegare. UiS har dobbelt så mange admin tilsette pr vitenskaplege tilsett som HiB. UiS har over 50 & admin tilsette.

Anita: Vil ha meir om innhaldskvalitet i utd. Kva er me gode på og kva kan me vidsreutvikla?
Anita skriv eit kort notat om dette.

Rune: Fantastisk heving i personalet på forskning. *Rune skriv.*

Nils: 15 % nedgang i førskulelærerutd på landsbasis. Må problematisera dette i rapporten.

Rune: Veiledning av nyutdanna har vore eit vellukka prosjekt. Dette spreiar seg til heile sektoren.

Må ha rapporten til 25. mai. Foreløpig konklusjon.

John: Dokumentet må adressera ubalansen i økonomien. Kan få tilsvarande oversikt over MA-utdanningane som me fekk på PhD. Det må gjerast eit bevisst val om kva ein vil ha. Må då vita kva det kostar.

Nils:

Tor: Har ikkje oversikt over kostnadene på dei nye GLU

John: Kva med kostnadene til PPU i den nye lektorutdanninga? Kvifor er situasjonen slik som den er? Nyttig med økonomisk oversikt.

Rune: Enkelt å berekna kostnadene med dei ulike programma.

Nils: Finansieringa frå dep tek ikkje høgde for utgiftene til PPU og masterutdanningane.

John: Det er mogeleg å få berekningar frå økavd.

Informasjon frå møte med UiA

John Møst refererte frå møte med Birte Simonsen tysdag kveld 10. mai.

UiA har god økonomi men er ikkje komne så langt som UiS med forskning.

Økonomien på UiA fylgjer emna og ikkje utdanninga. Lærarutdanninga bestiller emne frå fakulteta. Fakulteta får pengar frå leiinga til dei emna som dei tilbyr.

UiA har satsa mykje på lærarutdanningane.

Her kan me ha same økonomimodell internt i fakultetet som dei har på heile UiA. I denne modellen forskyv ein kampen. Sløst om emner i staden for om pengar.

Rune: Vert dette ein meir transparent modell?

John: Alt er ope i denne modellen.

John: UiA har studiepoengpåslag i modellen som gir belønning for god gjennomstrøming og poenproduksjon.

Nils: Dette er ein budsjettfordelingsmodell for heie inst. Kunne tilrå å innføra UIA-modellen for UiS. Men dette er ei svær sak.

Rune: Nokut-rapporten viste at omorganisering ved UiA ikkje løyste det økonomiske problemet.

John Møst skisserte opp ei mogeleg matriseløysing for HF. Klarer ein å halda på enheten i utdanninga når ein skal henta undervisning i ulike institutt?

Tor: Sterkare leiing ved UiA, og ved NHH. Dette gir betre økonomi. Flytter utdanninga opp på eit høgare nivå.

Dag Jostein: Fordelen med UiA-org er at fagfolka ikkje styrer lærarutdanninga. Det gjer lærarutdanningsavdeling. Svakheten er at ein kan mista identiteten til utdanninga.

Rune: Vil helst flytta makta lengst mogeleg ut. Dilemma: kven bestemmer at eg skal undervisa i førskolen og ikkje i ba i idrett?

Autonomi er viktig. Å fjerna folk frå diskusjonane er uheldig.

Norskmiljøet kom ikkje godt ut på UiA.

Odd F: Dette handlar om økonomi. Demokrati er dyrare.

Orientering om sentra

Gaute innleia. Gav oversikt over timebruk ved sentra inn i lærarutdanningane og veiledning på MA og PhD. Hovudvekta ligg på veiledning på MA og Ph.d

Rune: Kor mykje finansierar UiSav sentra?

Tor : Til saman 20 millionar. Studiepoengproduksjonen vert ikkje tilbakeført til sentra.

Rune: Kor mykje kan me bruka sentra?

Gaute: Interesse frå sentra til å delta i lærarutdanning. Har jobba mykje med klasseleiing og vera ein tydeleg leiar.

Rune: Dette skal me svara eige på. Kvifor er ikkje sentra inne i PPU?

Vidare arbeid

Anita og Rune skriv til dokumentet

John leverer om matrise

Kva kostar MA-gradene?

Samanfatting

Kva står att?

Redaksjonskomite:

Eilef J. Gard
Sekretær